

**Tid:** 16. februar 2005, kl 18:30  
**Stad:** Vallaker AS, Førde  
**Tilstades:** Geir Alden, Sissel Strømmen, Rune Berge, Bjørn F Odeen, Guttorm Kleppe og Solveig Andersen  
**Forfall:** Tove Irene Bjørnseth

**Sak 1. Val av rekneskapsansvarleg**

Tove Irene ønsker ikkje lenger å vere kassarar.  
Geir Alden meldte seg frivillig og overtar dette ansvaret.  
Rune leverer alle dokument til Geir  
Tove og Rune må overføre fullmakter til Geir og Bjørn

Andre som må ha melding: Forsikringsselskapet, Gjensidige, må óg ha melding. Der har vi Brannforsikring av Naustet

**Sak 2. Representant til ordinært padleting 2005**

Vi har mottatt invitasjon til å delta på Ordinært padleting, 9. april i Oslo.  
Det vert arrangert annakvart år.  
Vi har mottatt innkalling – sjå ev også på Padleforbundet si heimeside  
Klubbar med 50-100 medlemmar kan sende 2. Må vere kjønnskvotert. Vi kan sende to.  
Reisefordeling: man regner ut en gjennomsnittspris som må betales – for å jamne ut kostnader  
Skal vi sende nokon?  
Styret var einig i at vi bør sende nokon, gjerne to dersom det lar seg gjere.

Leiar Bjørn og nestleiar Sissel reiser.

Styret var einig om at klubben dekkjer ev. kostnader.

**Sak 3. Representant til årsmøte for FNF torsdag 17.3.2005.**

Møtet skal avholdast på Fylkesmannens si landbruksavdeling, Møterom 218.  
Kl. 17:30  
Dei ønskjer tilbakemelding på om vi sender nokon.  
Solveig og Geir reiser  
Geir melder ifrå til FNF om deltagelse.  
Bjørn sender melding til Astrid Elisassen om ny leiar.

**Sak 4. Rydding klargjering av Naustet for sesongen. ++ rundt naust og aktivitetar der.**

Merking av plassar, merking av kajakkar, merke klubben sine eigendelar med mer  
Merking av båtar? Skal vi trykke opp klistermerker med logo?  
Utforming av sjølve merket – ovalt. Store trykk på blank bakgrunn. Små trykk på kvit bakgrunn. Bjørn sjekkar opp kva det vil koste.  
Nummermerkinga av kajakkene må vedlikehaldast. Ein brukar merkinga bla. for å kunne følge opp i forhold til vedlikehald. Solveig hadde innspell til ein type maling vi kan prøve.

Stoffmerker? Til merking av tøy/vestar?

Kajakkplassane i Naustet på organisere slik at ein veit kva som er privat og kva som er klubbkajakkar.

Er det nokon som kan ta på seg ansvaret for å ”rydde opp” i Naustet?

I første omgang merking og rydding.

Guttorm fortsetter med det arbeidet han har gjort til no.

Rune tar på seg å følge opp kva type golv vi bør leggje inne i Naustet

Betong? Asfalt heilt inn til døra for å hindre at vi drar inn så mykje sand.

Når det gjeld ev inndeling av rom må dette vente til vi veit nok omeir om tippemidlane. Inntil vidare kan vi lage til forheng i taket slik at man har noko å skifte bak.

Innspell fra Rune. Flytte hengaren ut. Kjøpe ein lås til hengjaren og ein kjetting.  
Då kan vi leggje golv i heile Naustet.

Sende ut informasjon til medlemmar om at dei som har kajakk i Naustet må gje ei tilbakemelding innan ein gitt frist for merking  
Det kostar 200,- per halvår å ha kajakk i Naustet.

Sende ut informasjon om at alle som ønsker å ha kajakken sin i Naustet må betale leige og merke kajakken sin innan 15 mars

Sende ut samla utsendelse på innbetaling av medlemsavgift og kajakkleige. Geir og Bjørn sender ut giro og infoskriv.

Frist for tilbakemelding 15. mars.

Ryddedag i Naustet 2. april.

**Sak 5. Arbeid med spørjeskjema for medlemmar med henblikk på korleis medlemmar ønsker engasjement i klubben. Tanke på turprogram, treningsøker, dagsturar.**

Følgje opp årsmøte vedtak om å sende ut spørjeskjema. Styret ønsker tilbakemelding frå medlemmane for å kunne leggje opp årets planar. Dugnadsarbeid.

Rune lagar eit utkast til spørjeskjema.

Bjørn set opp liste for ansvarlege for torsdagspadlinga.

Når det gjeld turar satsar vi på 2 overnattingstura – for eksempel til Njord i mai og ein på hausten.

Det vart ein generell diskusjon rundt dette med turar.

Vi legg opptil fellestur til Njord samling og ein tur på hausten. Rune legg inn dette i spørjeskjemaet.

Torsdagspadlinga: opprethaldast som vanleg, oppmøte kl 17:30.

**Sak 6. Ymse**

**a)Budsjett:**

- Vi må forberede eit budsjettforslag. Forslag til saker som må inn i budsjettet:
  - i. Golv
  - ii. Skinnesystemet
  - iii. Dele opp lokalet? Klubbrom?
  - iv. Singel? Betong? Asfalt?

**b)Heimesida**

**c)Sikkerhetsreglement**

- Diskusjon rundt div. mulige element i reglementet
- Bjørn kjem med eit forslag

**d)Delta på Kystfriluftsdagen – i Florø med kajakkar i september.**

- Ønske fra 4H i Florø. Dette var ikkje et tilbud på fjorårets dag og da savnet barna det.
- Det var semje i styret om at vi må klare å stille på dette arrangementet.

**Adressa til klubben:**

SKK  
Perhaugen  
6977 Bygstad

**Presisering:** Ved innkalling per SMS, bekreft mottatt SMS slik at man veit at innkalling er mottatt og at man kjem.

Skrivar

*Sissel Strømmen*